

beidet hjelpte daa til aa vekkja nasjonalkjensla og skapa ein nasjonal trong ogsa i maalvegen. I 1802 kom det ut ei *Norsk ordsamling* ved Laurents Hallager, og i fyreordet til den boki syner det seg greidt og klaart at det hev vakse fram eit ny tankegang paa norsk sida, eller ein tankegang som i alle fall lite hadde kome til orde fyrr, og som skilde seg tydeleg ut fraa den gamle, som var aa skriva re i n s k. Hallager raader til beintfram „at optage norske ord i det danske sprag“.⁸⁾ Det vert snart eit nytt mynster for nordmenn, eit merke aa fylgja, og det hogste maal me kann finna at nordmannen var for til aa setja sig i norsk maalveg i dansketidi. Men som Hallager legg til: „Ikkun almindelige og udtryksfulde benævnelser, og formemmeligen saadanne, som man manglede paa ren dansk, maatte optages, og endog dette med forsigtighed og efterhaanden.“ Det norske maal skulde soleis berre tena og hjelpa dansken; nokon rett til aa vera til for si eigi skuld — so langt vaaga dei ikkje tenkja i dansketidi. Dette er upphavet til *det norsk-danske maalstrævet*, som sidan hev havt — og enno hev — ikkje so faa fylgjarar i namnet, men færre i gagnet. Det norsk-danske maalstrævet hev soleis si rot i dansketidi, og det hev gjenge dei fleste av deim som fylgde denne stemna med vitend og vilje, liksom det gjekk deim i dansketidi som av vanvare blanda norsk inn i dansken: dei hev byrja med aa taka upp nokre norske ord; men di lenger dei hev skrive, di mindre vart det med norsken.

Etter 1814 var det ei sterk nasjonalkjensla uppe i folket, ikkje minst hjaa embætsstandet; men i maalvegen vart det med det gamle ei tid

⁸⁾ Bisp Erik Pontoppidan hadde gjort eit dilikt franlegg til aa avlöysa *framandord* i dansk.